

## **Bakgrunn for prosjektet**

Sørpolen vart erobra 14. desember 1911, og 100 års-jubileet vart markera på ulike måtar rundt omkring i Noreg og i verda. Det var sjølv sagt mykje fokus på personane som deltok, og den store prestasjonen dei utførte.

Morgedølen Olav Bjaaland (OB) var ein av dei fem som nådde 900 sør i desember 1911. OB sine prestasjonar som skiløpar var sjølv sagt ein viktig grunn for at han vart valt som deltakar i ekspedisjonen. Men med hans handverkskunnskapar var det naturleg at han fekk oppgåver som å bygge Framheim, forbetre ski og sledar og lage spader. Sine handverkskunnskapar fekk OB inn som ung gut i Morgedal. Allereie som 10-12 åring måtte han lage sine egne ski for far hans vart lei av å lage ski til «gutungen som stadig knekte skia, sitat frå boka Olav Bjaaland, skiløpar og polfarar». Læremeisterane til OB var Sondre Norheim og brørne Torjus og Mikkel Hemmestveit.

Sledeprosjektet hadde og som utgangspunkt polaråret 2011, men prosjektet sitt fokus var retta mot det handverksmessige. Målet med prosjektet har vore å sikre den handverksmessige kunnskapen om sledane for ettertida.

Våre undersøkingar viser at i det skriftelige kjeldemateriale frå Sørpolfarane 1910-12 er det relativt lite dokumentera om sledane, og ikkje minst handverksmessige løysingar. Synfaringar på magasinet til Frammuseet, samt gjennomgang av originale bilde og film har derfor vært viktig for dei val som er tatt. Det er og bruka mykje tid på skriftleg materiale om polarekspedisjonane. Viktig kjeldemateriale i arbeidet har vore dagbøkene frå Sørpolekspedisjonen 1910-12, og kva den enkelte person skriv om sledearbeidet. Målet var å ferdigstille sleden til det tidspunkt Amundsen nådde polpunktet. Av forskjellige årsaker måtte prosjektet utsettast slik at ferdigstilling vart desember 2012.

## **Prosjektplan og gjennomføring**

Norsk Skieventyr i Morgedal formidlar Morgedal, Telemark og Noreg sin ski- og polarhistorie ved hjelp av bilde, film og gjenstandar. For Norsk Skieventyr er det viktig å delta i forskning- og dokumentasjonsarbeid med bakgrunn i dei tema som museet formidlar.

Senter for immateriell kulturarv, SIKA Maihaugen har som eit viktig arbeidsfelt å ta vare på gamle handverkstradisjonar, og sikre dei for framtida. Dette skal skje gjennom å overføre praktisk kunnskap frå tradisjonsberar til andre, og dokumentere kunnskapen ved hjelp av bilde, film og tekst. Erfaringane SIKA og Norsk Skieventyr hadde frå to tidlegare samarbeidsprosjekt (skimaking og hudsko) var viktige i dette sledeprosjektet.

I dette prosjektet var det ingen tradisjonsberar å finne. Det er derfor bilde, film og skriftleg materiale som ligg til grunnlag for våre val og arbeid.

Prosjektet sin interesse for nettopp sledearbeidet har sin bakgrunn i det som står skriva i historiebøkar, dagbøker frå ekspedisjonen, intervju i etterkant av ekspedisjonen og biografar. OB blir stadig trekt fram som ein veldig dyktig handverkar med bakgrunn i arbeidet han gjorde med å forbetre eksisterande sledar, og med å lage nye. Arbeidet OB gjorde var å redusere vekta betydeleg utan at det reduserte styrke og stabilitet. Vår interesse var å finne ut kva OB eigentleg gjorde.

Arbeidet vart utfordrande fordi det er lite eller ingenting skrive om konkret kva OB gjorde med sledane. Arbeidet vart og vanskeleg fordi ein ikkje med 100% sikkerhet kan sei at ein i dag har originale sledar som nådde polpunktet 14. desember 1911, utstilt eller på magasin.

Det var fire sledar og 52 hundar som 20. oktober 1911 reiste mot polpunktet, og det var to sledar og 11 hundar som kom tilbake til Framheim 26. januar 1912 (kjelde Frammuseet). Kva som skjedde med desse to sledane som kom tilbake til Framheim er ukjent.

Vår fyrste plan var å lage ein original Framsleder eller Hagensleder som ekspedisjonen hadde med seg, og så lage ein slede som OB hadde laga. Då kunne me sett på dei ulike detaljane og kva OB gjorde annleis. I vårt arbeid lykkast me ikkje med å finne originale Framsledar/Hagensledar som det ikkje var gjort handverksmessige endringar på.

Som tidlegare nemnt, det er stor usikkerhet om kva som skjedde med sledane som hadde vore på polpunktet. Sledane kan vera nytta på andre ekspedisjonar, eller dei vart ikkje tatt med tilbake til Noreg.

Dokumentasjonsarbeidet har med dette som bakteppe bruka skriftleg materiale, originale bilde og filmopptak, samt andre sledar som er registrert inn som bruka i polekspedisjonar i dokumentasjonsarbeidet.

### **Skriftleg materiale**

Det er som tidlegare nemnt lite skrive om kva konkret OB gjorde med sledane. Det ein kort kan summere opp med er at Framsledane som var med, får ein betydeleg vektreduksjon. Det er nemnt Hagensledar utan me har klart å definere deira sin skjebne. Det er og tydeleg og klart at OB lagar nye sledar.

Det er og mykje sprik i kjeldemateriale kor stor reduksjon i vekta eigentleg var. Uttrykk som «halvparten av vekta, reduksjon med 50 kg og sledevekt på 22 kg», gjorde at dokumentasjonsarbeidet vart utfordrande.